

Flaskepost frå godtepiraten

Pim skal overnatta hos bestefaren.
«Skal me ha laurdagsgodt i dag?» spør Pim.
Bestefaren klør seg i hovudet.
«Så klart!» seier han og skundar seg ut frå stova.

Når han kjem tilbake,
gøymer han noko under genseren.
«Men i dag er det godtepiraten som kjem
med laurdagsgodtet!» seier han.



Bestefaren vinkar Pim med seg.
«Korleis får me laurdagsgodt frå han?» spør Pim.
«Med flaskepost vel», svarar bestefaren.
«Me må ned på stranda og leita.»
Pim nikkar.
«Og så er det eit skattekart inni flaskeposten som
viser kvar godteriet er?» spør Pim.
«Nettopp», svarar bestefaren.

Dei hentar ein spade i garasjen og går nedover mot stranda.
Pim ser klumpen som bestefaren gøymer under genseren.
Klumpen liknar ei flaske.
Pim smiler.

Nede på stranda seier bestefaren at det er lurt
om dei leitar på ulike stadar.
Så Pim leitar til høgre,
medan bestefaren leitar til venstre.

Brått høyrer Pim eit plask.
Bestefaren kjem springande.
«NO kjem det nok snart flaskepost frå godtepiraten», seier han.

Rett etter kjem det ein flaskepost flytande.



Pim plukkar opp flaska og tek ut skattekartet.
Skattekartet er heilt likt det papiret bestefaren brukar
når han skriv handleliste.
«Kva veg skal eg halda skattekartet, trur du?» spør Pim.
Bestefaren smiler.
«Du kan heilt sikkert halda skattekartet den vegen du vil»,
seier han.



Pim følgjer skattekartet rundt og rundt på stranda.
Etter ei stund stoppar ho.
«Her er det!» ropar Pim.
Bestefaren kjem bort.
«Forresten», seier han. «Veldig ofte gløymer godtepiraten
å grava ned godteri.»
Pim set spaden i sanden.
«Så om du ikkje finn nokon godteskatt,
så er det ikkje MIN feil», seier bestefaren.



Pim berre smiler og grev vidare.
Brått treffer spaden noko hardt.
«Skatten!» ropar Pim.
«Det kan vera ein stein», seier bestefaren.
Pim grev litt til.
Det er ingen stein.
Det er ei skattekiste!
Og skattekista er smekkkfull av laurdagsgodt!
«Flaks at godtepiraten hugsar å grava ned laurdagsgodt»,
seier Pim og blunkar lurt til bestefaren.
Bestefaren ser forvirra på skattekista.
«Meir flaks enn du skulle tru»,
seier han og klør seg i hovudet.

